



Ope brev om hærverk!

Den seinare tida har det vore lagt ned mykje ressursar for å heve standarden i Árdalshallen. Av vedlikehald kan nemnast slikt som nytt ventilasjonsanlegg, nye dører med elektroniske lås, oppussing av styrkerom, korridorar, møterom, kjøkken og dommar/instruktørgardeobar.


I tillegg har det vore gjennomført endringar på internkontroll og avvikssystem der brukarane har vore trekt med som sentrale og viktige partnarar i utviklinga av hallen til ein møteplass der alle skal trivast.

Diverre opplever vi at det er malurt i begeret. Til tider har hallen vorte råka av hærverk og framferd som ikkje er ønskjeleg. Dørrar har vorte sundbrotne, lamper øydelagt og generell støyande og uønskt åtferd. Sjøppel og rot er hendingar som gjer både brukarar og tilsette frustrerte og oppgjevne. I tillegg stel det ressursar frå planlagde vedlikehaldsmidlar, slik at vi nyttar ressursane til reparasjon i staden for utvikling.

Dei tilsette opplever til tider noko som har karakter av mobbing. Nokre ungdomar provoserer med si framferd; dei skrik, kallar, tergar og oppfører seg på ein slik måte at dei er både til sjenanse, og er i ferd med å verte eit arbeidsmiljøproblem. Badevaktene har som primær oppgåve å sjå til at dei som er i bassenget er trygge, og vere servicepersonar for desse. Dei kan ikkje ha som oppgåve å vere politi ovanfor nokre få ungdomar med haldningar vi alle ser på som forkastelege.

Både Árdal Kommune og IL Jotun er samde om at vi ikkje ønskjer slike hendingar og slik framferd. Førebels er det kanskje eit lokalt problem i Árdalshallen, men dersom det ikkje vert stoppa, så kan det utvikle seg til eit samfunnsproblem. Ungdomane som er i denne gruppa har ikkje fortent at vaksne står tafatte på sidelinja utan å gripe inn. **Til det er framtida deira for viktig.** Vi må tore å ta tak, og setje standardar for korleis vi vil ha det.

Vår oppfordring til foreldre, trenarar og alle andre er å vere gode rollemodellar for ungdomane, og ta opp med dei korleis vi ønskjer å ha det i Árdalshallen. Vi må fortelje dei kva konsekvensar hærverk og mobbing har, både for dei sjølv, og for andre.


Jo Ragnar Sønstlien

Leiar IL Jotun


Arne Hovland

Styrar, Árdalshallen